

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

| | |
|------------------|-------------------------------|
| Dato | 18.10.2022 |
| Vår referanse | 2022/55020-8 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Cathrine Gunn Grasdahl |
| E-post | Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no |
| Telefon | 90526060 |

Fråsegn til områdeplan til uttale - bustadområde B36 - Kaland - Fønnes - Friområdet ved Ekornsåta - planid. 2021002 - Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 12.09.22 om høyring av forslag til områderegulering for bustadområde B36 og friområdet ved Ekornsåta i Austrheim kommune. Hovudføremålet i planen er utvikling av bustadområdet med tilhøyrande infrastruktur, og friområdet ved Ekornsåta for friluftsliv med stiar/gangveggar eller liknande. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadområde og friområde. Områderegulering av desse areala er prioritert i kommunen sin gjeldande planstrategi.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 20.04.21. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Fylkesdirektøren har mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektør har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for infrastruktur og veg for motsegn som direkte gjeld veginteresser. Motsegnretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, avsnitt 42 om lov om planlegging og byggesaksbehandling.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg fremmar motsegn til planforslaget. Planen sine konsekvensar for trafikktryggleik og framkomst på fylkesvegnettet er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt i planforslaget. Før det blir opna for meir trafikkskapande tiltak i denne delen av Austrheim, må det bli stilt krav til korleis trafikktryggleik og framkomst på vegnettet skal sikrast. Rekkefølgekrava til opparbeiding av infrastrukturen må skjerpast.

Vi vil gjere nærare greie for våre motsegner under dei aktuelle punkta i dette brevet.

Uttale til planen er mellom anna gitt med bakgrunn i føringar gitt gjennom overordna regionalt planarbeid Regional transportplan Vestland 2022 - 2023 (RTP), overordna mål om null drepne og hardt skadde i trafikken, og krav til teknisk utforming av trafikkanlegg slik krava er sett i handbok N100. Vi vurderer planen ut frå vår rolle som vegeigar og forvaltar av fylkesvegnettet med ansvar for trafikktryggleik og framkomst.

Det er gjennomført eit drøftingsmøte mellom Vestland fylkeskommune og Austrheim kommune datert 14.10.2022. Punkta vi har motsegn og merknader til, blei alle diskutert under dette møtet. Den 02.11.2022 blei det sendt førespurnad til Austrheim kommune om revidert planmateriale, i samsvar med det vi vart einige om i møtet.

Kva saka gjeld

Tilkomst til planområdet er frå fylkesveg 565 Austrheimvegen. Planområdet er på om lag 200 dekar. Utnyttingsgrad for området er sett til maks 40% BRA. Området er avsett til bustader og delvis friområde i KPA til Austrheim kommune.

Planområdet - dagens situasjon



Planarbeidet omfattar også krysset mellom fylkesveg 565 Austrheimvegen og kommunal veg Leirvågsvegen. I dag går fylkesvegen på sørsida av planforslaget, og Fonnes senter ligg på nordsida. Lenger søraust ligg Kaland barne- og ungdomsskule. Det vil sei at dette er ein skuleveg med gåavstand for barna som vil kome til å bu innanfor planområdet. Det er over tid observert at mjuke trafikantar, inkludert barn og unge, kryssar fylkesvegen på staden, utan at det er tilrettelagt for det. Fylkesvegen her er ein lang og strak veg med fartsgrense 60 km/t. Grunna den strake vegen er det sannsynleg at reelt fartsnivå er høgare. Det ligg busstopp på begge sider av fylkesvegen, på kvar si sida av krysset. Det er ikkje opparbeidd gang- og sykkelveg eller fortau på staden. Einaste kryssningstilbodet mjuke trafikantar har er Vardebrua som er nyleg satt opp. Brua er plassert vest for planområdet, og vil vere ein omveg for dei som skal til skulen frå store delar av dette nye bustadområdet.

Ikkje trygt kryssingstilbod for mjuke trafikantar

Planforslaget sikrar ikkje trygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar. Dette er ikkje i tråd med nullvisjonen om null drepte eller hardt skadde i vegtrafikken. Tilrettelegging for bustadbygging på motsett side av fylkesvegen til viktige målpunkt, vil føre til ein auke i potensielle farlege situasjonar. For å sikre trafikktryggleiken på staden, må det setjast rekkjefølgjeføresegn om sikker kryssing av fylkesvegen før igangsetjingsløyve for tiltak innanfor utbyggingsområdet. Det finst døme på kor villkryssing har ført til alvorlege trafikkulykker. Fylkeskommunen meiner med den forventa auken av trafikken på staden, vil det vere fare for det same her. Austrheim kommune har i eit tidlegare møte med fylkeskommunen ytra at dei set trafikktryggleik høgt, spesielt for mjuke trafikantar. Det er viktig å ha tilrettelegging av kryssingspunkt for born som skal krysse vegen når dei skal til skulen, eller til og frå skulebussen.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

Rekkjefølgjeføresegn 6.2.1

Vestland fylkeskommune meiner at rekkjefølgekravet må knytast til igangsetting av tiltak, altså at rekkjefølgjeføresegn 6.2.1 *Før nye bygningar blir teken i bruk innanfor områda BF2, BF3, BF4, BK1, BK2 og BK3, må veg o_KV2 og fortau, o_FO, langs del av o_KV2 fram til kryss inn til områda vere bygd ferdig og godkjent*, skal flyttast til «før igangsetjingsløyve for ulike utbyggingsområde». Etter dialogmøtet mellom Vestland fylkeskommune og Austrheim kommune vart det semje om å endre dette. For ordens skuld, ettersom vi ikkje har mottatt reviderte føresegner, fremjar vi motsegn.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

Avkøyrsløse til BF1

I utgangspunktet meinte vi at eksisterande direkteavkøyrsløse til fylkesvegen, til delområde BF1, skulle stengast. I dialogmøtet vart det semje om at det skal setjast føresegn om at ikkje fleire enn 10 bustadar kan bruke den eksisterande avkøyrsløsen frå eksisterande busetnadar på BF1. Dette er grunngeve med at det er krav om at avkøyrsløse skal ha same utforming som eit kryss når ÅDT (årsdøgntrafikk) er over 50 i sekundærveg, som vil seie 10 bustadar. For ordens skuld, ettersom vi ikkje har mottatt reviderte føresegner, fremjar vi motsegn.

Det er knytt motsegn til dette punktet.


Andre merknader til planforslaget - kantstein

Kantsteinen på haldeplassen til bussen skal vinklast mindre, slik at heile bussen kjem inntil kantsteinen (sjå bilete under). Dette er grunngeven med eit ynskje om universell utforming. Det er viktig at baksikta, samt sikta frå krysset blir ivaretatt med denne endringa. Ei løysing på dette kan vere å flytte busstoppet lenger nord eller vest. Det var semje i møtet om at kommunen skulle oppdatere plankartet i samsvar med dette.

Manglande mål på teikningar


Det manglar nokre mål på den vegtekniske teikninga. På refugen med overgangsfelt manglar det mål som viser kor brei den er på det smalaste. Det er teikna inn 3 meter på det breiaste.

Minimumskravet for breidde for refugar med overgangsfelt er 2 meter. Dette er for å sikre at alle brukargrupper har moglegheit til å stoppe trygt på refugen. Det var semje i møtet om at kommunen skulle oppdatere plankartet i samsvar med dette.



Figur 2: Refuge med overgangsfelt.

Traffikkøya til venstresvingefeltet manglar mål. Ifølge berekningsmodellen til Statens Vegvesen vil krava til lengda på L1 og L2 (sjå bilete 4) vere 15 meter og 15 meter. L2 kan sjåast ut som er litt kort i teikninga som er sendt oss. Det var semje i møtet om at kommunen skulle oppdatere plankartet i samsvar med dette.



Figur 3: Trafikkøy venstresvingefelt.

Fullkanalisert kryss

Fylkeskommunen er positive til det fullkanaliserte krysset i planen som er på høyring.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune takkar for god dialog i høyringsfasen. Vi må i vår uttale ta utgangspunkt i det planmaterialet vi har fått, og fremjar derfor motsegn til planframlegget. Motsegna gjeld omsynet til trafikktryggleik og framkomst for gåande og syklende. Det må derfor settast rekkefølgjekrav til opparbeiding av kryss og etablering av krysningstilbod for mjuke trafikantar, samtidig som rekkjefølgjekrav 6.2.1 flyttast og det settast rekkefølgje krav til avkøyrsløsen til BF1.

Motsegna er heimla i plan- og bygningslova sin §5-4, og fylkeskommunen som vegstyremakt (jf. Veglova §9) sitt ansvar for framkomst og trafikktryggleik på fylkesvegnettet.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til tidlegare dialog i saka. Under gjennomføringa av den arkeologiske registreringa vart det forsøkt å gjenfinne ein audegard som er vist innafor planområdet, Askeladden id. 110087. Audegarden vart ikkje gjenfunne. Status til lokaliteten er endra frå automatisk freda til ikkje freda. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Rapport frå den arkeologiske registreringa er vedlagt.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Etter delegasjonsreglementet for Vestland fylkeskommune fremjar administrasjonen motsegn for konfliktane knytt til sektoransvara som vert forvalta gjennom veglova.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonsleiar
NPI - Plan, klima og analyse

Eva Katrine Taule
fagleiar
IDI - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Rapport 52 Kaland og Fønnes områdeplan, Austrheim kommune
Sakshandsamarar:
Andreas Sivertsen Våge - INV - Forvaltning Bergensområdet
Sigrun Wølstad - KII - Arealplan
Cathrine Gunn Grasdahl - NPI - Plan, klima og analyse

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 1010 Nordre Ål

Statens hus - Njøsavegen 2